



Dei nynorske intellektuelle

Førelæsing for masterstudiet i nynorsk skriftkultur 5.10.2005

Oddmund L. Hoel
stipendiat, Ivar Aasen-instituttet



Kva er ein intellektuell?

- Norsk Allkunnebok (1955): ”åndsarbeidarar (serl. forf. og vitskapsmenn); i trongare meining: personar med høg åndsutdanning”
- Ein intellektuell er ikkje alltid akademikar, og ein akademikar er ikkje alltid intellektuell
- 1800-talet: ’Intelligentsiaen’ – den som tenkjer kritisk om samfunnet. Seinare: nøytralt omgrep for folk med lang utdanning i ikkje-manuelle yrke. (I dag: akademikarar)
- 1898: substantivet ’intellektuell’ brukt fyrste gong – opprop av dei fremste i fransk åndsliv og vitskap om å omgjera dommen i Dreyfus-saka
- Jean-Paul-Sartre: ”ein som bryr seg om det han ikkje har noko med”
- Meiningsøking ut over fagspesifike grenser

Intellektuelle og hegemoni

- Antonio Gramsci [gramʃi] (1891-1937), italiensk filosof, politisk og kommunist, fengsla av Mussolini
- Kulturelt og ideologisk *hegemoni*: herredøme over tankane (Hegel: herre-knekt; vidareført av Bourdieu – symbolsk vald)
- Intellektuelle:
 - dei **tradisjonelle**: borgarlege eller kyrkjelege akademikarar som opprettheld hegemoniet og ein historisk kontinuitet. (Noreg: filosofen Marcus J. Monrad)
 - dei **organiske**: "filosofar" med bakgrunn frå dei einskilte klassane, berre unntaksvis medlemmer av intelligentsiaen. Mothegemoni (Noreg: Søren Jaabæk, Martin Tranmæl)
- Dei intellektuelle spelar ei særleg viktig rolle som formidlarar mellom topp og grunnplan
- Primært nytta om arbeidarklassen, men òg nyttig for oss – ser verksemda til dei intellektuelle i samanheng med maktutøving

Kva er ein *nynorsk* intellektuell?

- Ei(n) som:
 - skriv nynorsk?
 - er aktiv i målrørsla?
 - identifiserer seg med målreisinga som politisk og kulturelt prosjekt?
 - er særleg kritisk eller radikal?
- Omgrep i (den nynorske) førkrigslitteraturen: ”åndsmann” o.l.
- Viktige grupper:
 - lærarar
 - akademikarar
 - forfattarar/bladfolk/frie skribentar
- Intellektuelle er ikkje frittselevande, men står i ein sosial, kulturell og politisk kontekst – ”ekspert i legitimering av makttilhøve” (Gramsci)
- Målsetjing: gje ei sosial- og kulturhistorisk ramme for tekstane

Målreisinga, folket og eliten

- Ivar Aasen: den fyrste organiske nynorske intellektuelle
- Aasen-myten: ”han ville ikkje ut av sin bondestand” (A. Hovden)
- Livsprosjektet tvitydig – idealisme og eiga karriere (Stephen Walton)
- Målreisingsprosjektet tvitydig – sterk antielitisme og vektlegging av det folkelege og demokratiske, parallelt med etableringa av ein nynorsk høgkultur – spenning heilt fram til i dag
- • Dei nynorske intellektuelle ei nøkkelrolle



Den norske intelligentsiaen på 1800-talet

- Liten! Embetsstanden 0,5-1 % av folketallet. Universitetet:
 - **1813: 18 studentar - 7 lærarar**
 - **1860: 550 studentar - 35 lærarar**
 - **1911: 1600 studentar – 80 professorar/dosentar**
- Sjølvrekrutterande. Studentar med fiskar-/jordbruksbakgrunn:
 - **1856-60: 7 %**
 - **1876-1915: 12,5-15,5 % (inga endring med studentveksten frå 1890-åra)**
- Garborg: *Bondestudentar* (1883)
 - **skildra det nådelause kulturelle hegemoniet som møtte ungdom med bygdebakgrunn (Daniel Braut)**
 - **danningsroman og lidingssoge som vart sentral i den nynorske mytologien om eliten og folket**
- Universitetet og den høgre skulen oppløgd mark for målrørsla heile 1800-talet

Lærarane (1)

- 1850- og 60-åra:
 - målrørsla eit byfenomen – små krinsar av intellektuelle både med embets- og bygdebakgrunn – hovudsakleg akademikarar
 - litterært og språkleg arbeid sentralt.
 - *Vestmannalaget* og *Det Norske Samlaget* (1868) (Ivar Aasen, Aasmund O. Vinje, Hans Ross, Steinar Schjøtt, H.E. Berner, Olaus Fjørtoft, Henrik Krohn, Georg Grieg, Aasta Hansteen, Kristofer Janson)
 - Ole Vig († 1857): Folkeopplysningsselskapet, *Folkevennen* (1852)
- 1870- og 80-åra: landsmålet fotfeste i
 - folkehøgskulane: frå 1868 (Sel/Gausdal – Chr. Bruun) – 35 frilynde folkehøgskular i 1875
 - lærarskulane: målmiljø somme stader frå sist i 1860-åra
 - stor skulereform 1860 – krav om lærarutdanning – kraftig auke i talet på lærarskular . Talet på lærarar med lærarutdanning auka frå 38 % (1861) til 97 % (1890)
 - ein heilt ny utdannings- og karriereveg – 98 % hadde bygdebakgrunn

Lærarane (2)

- Folke­danningstradisjonen: alternativt danningssyn som utfordra det kulturelle hegemoniet til embetsstanden:
 - **"to-kulturteorien": i Noreg er det éin opphavleg, rural og heimleg kultur, og éin nyare, urban og framand kultur - overklassen er unasjonal (jf. Garborg 1877: "to-nasjonslæra")**
 - **folkestyretanken: elevane skulle setjast i stand til å delta både i bygdestyringa (formannskapa) og statsstyringa (Stortinget)**
 - **språkreform naudsynt både av nasjonale, sosiale og pedagogiske grunnar (mange vart målfolk)**
 - **formidla gjennom læraramøta alt frå tidleg i 1850-åra**
- Ein heilt ny sosial posisjon:
 - **klatra sosialt frå botnen i bygdesamfunnet til å danka ut presten som bygdehovding på berre éin generasjon**
 - **brubbyggjarar mellom lokalsamfunnet og rikspolitikken ("periferiens nasjonsbyggjar")**
 - **agentar for teknologisk og økonomisk modernisering av bygdene**

Lærarane (3)

- Lokal foreiningselite:
 - **bondevenforeiningane (kring 1870)**
 - **venstreforeiningar (frå 1884)**
 - **ungdomslag (frå 1880-åra)**
 - **mållag (frå 1890-åra)**
 - **Norigs Ungdomslag (1896)**
- ”Og frå skulestova erobra han stadig nye skansar; i foreininga, i kommunen, i fylkestinget, i Stortinget, ja beint inn i sjølve riksstyret” (Jostein Nerbøvik)
- Norskdomsideologien og venstrenasjonalismen gav mening til yrkesvalet og legitimitet til kampen for eigen status
- ”ta det romet som den akademiske stand fyrr hev havt”



Jørgen Løvland (1848-1922) – læraren over alle lærarar


To lærarar

- Lars Eskeland (1862-1942), frå Stord
 - lærarskuleeks. Stord 1886
 - lærar og styrar Voss folkehøgskule frå 1895
 - namngjeten stemnetalar, lyrikar og essayist
 - kristeleg-konservativ, "såg helst mørkt på det moderne kulturlivet"
- Elisabeth Edland (1869-1901), frå Mosterøy
 - amtsskule Ryfylke 1884, målkurs Stavanger 1887, lærarkurs Vonheim 1891/93
 - lærar i 15 år
 - ferdatalar for DNT 1890-1901
 - målkvinne og kvinnesakskvinne



Akademikarane – vendepunktet

- Ny interesse for det høgare utdanningskrinslaupet (mellomskule, gymnas, universitet)
- 1899: Marius Hægstad (1850-1927) professor i landsmål
- 1900: Studentmaallaget. 214 "målstudentar" til 1910 (Rodvang):
 - **47 % frå Vestlandet**
 - **81 % frå bygdene, 19 % frå byane**
 - **67 % lærar-/jordbruksbakgrunn, 10 % embetsmannssøner**




Arne Garborg: *Norske embættsmenn*

- Programskrift – motpol til *Bondestudentar*
- Føredrag i Studentmållaget 1. mars 1906, utgjeve same år
- "Den Fredrikske Høgskulen i Kristiansby er dansk."
- "Skulevegen er i Røyndi halvstengd for oss. Dei norskdanke hev Skular heilt fram paa sitt eigi Maal."
- "Eit Embættstand etter nyare Meining er ... ein Reidskap for Folkevoksteren. Sjølv *Orde* Embættsmann ... tyder Tenar; og den som kann vera rett i Meining Tenar for Folke, - han er samstundes Folke-Hovding."



Målakademikarane (1)

- Sidemålsstilen:
 - Målstemna februar 1906 – Norigs Maallag
 - Vedteke i Stortinget 1907, sett i verk frå 1909
- Landsgymnasa – ”heilnorske gymnas”
 - grunntanke: fireårig universitetsførebuande skule som bygde rett på folkeskulen
 - april 1906: føredrag av Nikolaus Gjelsvik, professor i jus og formann i Norigs Ungdomslag
 - 1910: privat landsgymnas i Volda (J.Fr. Voss og Olav Riste)
 - 1910: årsmøtet i Norigs Ungdomslag tek opp saka – den politiske prosessen i gang
 - 1916: Voss off. landsgymnas, seinare Volda, Hornnes, Eidsvoll, Gloppen, Nordfjordeid, Rogaland, Steinkjer
 - Alle vart statlege frå 1946 (slutt 1964)



Målakademikarane (2)

- Skipinga av landsgymnasa vart realiserte av lokale eldsjeler – mest utan unntak lærarar
- Sosialt utjamnande – opna den høgre utdanningsvegen for bygdeungdom. Uteksaminerte elevar 1920-1940:
 - **Alle landsgymnas: kring 4000**
 - **Voss åleine: kring 1000**
 - **(Oslo katedralskole: kring 2000)**
- Mange fyrstegenerasjons-artianararar – difor få kvinner (18 % 1935-40 mot 45 % ved Oslo kat.)
- Eit *elitetiltak* – alternativ danningselite, ingen anti-elitisme
- Eliteskular – høg prestisje og gode resultat – ”et utsøkt elevmateriale”
- Fleire frå landsgymnasa enn bygymnasa tok universitetsutdanning
- Frå mellomkrigstida: den typiske nynorske intellektuelle har universitetsutdanning

Målakademikarane (3)

- Breiare rekrutteringsgrunnlag for den norske eliten
- Dei humanistiske og teknologiske fagfelte
- Integrerte i det nye sosialdemokratiske kunnskapsregimet
- Det mothegegoniske og ”tokultur”-perspektivet svekka
- Økland: skilja seg ut for å skilja seg inn



To målakademikarar

- Halvdan Koht (1873-1965), frå Tromsø
 - son av ein overlærer på gymnaset i Tromsø
 - professor i historie frå 1910, utanriksminister 1935-41
 - medarb. *Den 17de Mai* frå 1895, formann Noregs Mållag 1921-25
 - publiserte 60 000 sider
- Olav Midttun (1883-1972), frå Kvinnherad
 - lærar, dosent/prof. i litteratur frå 1917, riksprogramsjef 1934-47
 - formann i Stud.ml. 1905, Noregs Ungdomslag 1919-26
 - styremedl. Samlaget 1917-68 og red. *Syn og Segn* 1908-60
 - den nynorske biografen

To målakademikarar til

- Sigmund Skard (1903-95), frå Kristiansand
 - son til Mathias Skard, svigerson til Halvdan Koht
 - professor i amerikansk litteratur 1946-73
 - formann Samlaget 1949-72 [?]
 - *Målstrid og massekultur* (1963)
- Hans Skjervheim (1926-99), frå Voss
 - frå ein bonde- og ordførarfamilie, gjekk Voss landsgymnas
 - univ.lektor/professor i filosofi i Bergen frå 1969
 - stor nynorsk essayist – *Deltakar og tilskodar og andre essays* (1976)
 - deltok i kampen for distriktshøgskulane sist i 1860-åra

Overgang på 1900-talet

- Nynorske intellektuelle tek til å skriva nynorsk
- Frå lærarar til akademikarar
- Frå folkehøgskular/seminar til landsgymnas/universitet
- ”Frå tale til tabellar”
- Frå organisatorisk engasjement i målrørsla til avgrensa engasjement i dei nynorske litterære institusjonane
- Frå ei eiga måloffentlegheit til deltaking i ei felles norsk offentlegheit
- Frå intenst ideologisk tilhøve til målreisinga til kritisk distanse
- Frå lovgjevar til fortolkar (Baumann)?

Frå organiske til tradisjonelle intellektuelle...?

- Ambivalens
 - Klassereise – ”dobbelkulturelle”
 - Garborg 1906: ”me bondesønir” (s. 8) – ”me studentar” (s. 11)
 - Lars Eskeland: *Bønder* (1925)
 - Apologetar meir enn kritiske intellektuelle?
 - Eit nytt ”dannelsens aristokrati”?
 - 1950-åra: folkeopprør mot folkemålet
 - ”Folkeopplysningas dialektikk” (Gripsrud)
- ”Konklusjonen er med andre ord at norsksrørslas intellektuelle som regel gjerne ville *framstilla seg* som bygdenes og bøndernes ’organiske’ intellektuelle, men at dei i røynda var ei ny gruppe mellom dei ’tradisjonelle’.” (Gripsrud)

...eller ein folkeleg elite?

- ”Lærerpolitikerne beveget seg med sitt perspektiv i spenningsfeltet mellom folkelighetens integrasjon og dens systempregende transformasjon. Dette spenningsforhold kan lett gå tapt i mer éndimensjonale analyser, som f.eks. Jostein Gripsruds.” (Slagstad)
- Den demokratiserende funksjonen
 - **Laga ei utdanningsløype for bygde- og arbeidarungdom**
 - **Ei alternativ røyst i den nasjonale ålmenta**
 - **Distriktpolitisk funksjon**
 - **Ein folkeleg akademisk formidlartradisjon (essayet)**
 - **”Den demokratiske folkelighet er den norske gave til den moderne verden.” (Slagstad)**
 - **Dei folkelege elitane har gjort Noreg til eit folkeleg land (Skirbekk)**